



Voss Venstre

## **PROTOKOLL ÅRSMØTE MÅNDAG 23.01. 2017**

Møtet blei halde i Park hotell kl. 19.00- 21.50. 15 medl. tilstades.

### **1. Godkjenning av innkalling**

Samr. godkjent (Møtevarsel i info.brev 20.12., innkalling i epost av 16.01. med årsmøtedokument)

### **2. Godkjenning av saksliste**

Samr. godkjent.

### **3. Val av ordstyrar og skriver**

Torstein Gunnarson blei vald som ordstyrar, og Frédéric Larsen som skriver. Samr.

### **4. Val av to til å skrive under protokoll**

Kolbjørn Blikås og Anne-Jorunn Ryum Møen samr. valde.

### **5. Årsmelding for 2016**

Årsmelding for styret og kommunestyregruppa gjennomgått av Torstein Gunnarson og Jorunn Ytrefjord/Elin Seim. Samr. godkjent med et par mindre endringer.

Liste over "V-representantar i kommunale verv pr. 01.01.17" blei tatt til orientering.

### **6. Godkjenning av rekneskap for Voss Venstre 2016**

Rekneskap gj.gått i møtet av kasserar Anne-Jorunn Ryum Møen. Overskudd på 12187,33 og utgående balanse på 14.839,08. Godkjent av revisor Kristian Østrem. Samr. godkjent.

### **7. Kontingent 2018.**

Lokallagskontingent blir verande som før, dvs. 100,- . Samr. vedtatt.

### **8. Framlegg til budsjett for 2017**

Samrøystes: Styret får fullmakt til å fastsetja budsjett.

### **9. Val av styre m.fl.**

Valnemnda har ikkje framlegg til leiar. Nemnda ber årsmøtet om å gje si tilslutnad til at styret får høve til å konstituera seg sjølv. Styret må derfor velja ein formell leiar og å avgjera korleis ein ønskjer å organisera arbeidet sitt med tanke på struktur og oppgåvefordeling.

Valnemnda si innstilling fekk samrøystes tilslutning. Men kommentar til høgt tal medlemmar i styret.

#### **Styret**

##### **Leiar:**

(Torstein Gunnarson står som leiar til styret har konstituert seg.)

##### **Medlemar 2 år:**

Anne-Jorunn Ryum Møen, attval 2 år

Frédéric Larsen, attval 2 år

Kristian Østrem, ny, vald for 1 år

##### **Ikkje på val:**

Jorunn Ytrefjord

Margunn Torget Østrem

Kolbjørn Blikås

Katrina Øvsthus Stavenes

**Varamedlemar:**

1. Leif Helge Vevatne (ny, 1. vara)
2. Elin Seim
3. Bjarne Rene
4. Hilde Klette
5. Knut Olav Nestås

Konstituering i styremøte.

**Revisor:** Torstein Gunnarson (ny – erstatter Kristian Østrem)

Rolf Abrahamsen takka Torstein Gunnarson for arbeidet som leiar i laget og politiske initiativ.  
Blomar overrekt!

**10. Val av valnemnd**

Rolf Abrahamsen og Knut Olav Nestås samr. attvalde

**11. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Venstre 11.-12.02. i Stord.**

Voss Venstre har 4 delegater til årsmøtet i Hordaland.

Jorunn Ytrefjord og Torstein Gunnarson er interesserte i å delta. Årsmøtet gir styret fullmakt til å supplera delegatlista. (Frist til fylkeslaget 26. jan.) Samr. vedtatt.

---

Etterfølgjande saker blei behandla etter foredrag til Frode N. Fjeldstad og Terje Breivik

**12. Politiske fråsegner, lokalt**

Framlegg til ”Heile Voss i utvikling!” blei omdelt i byrjinga av møtet. Event. merknader blir å mælda til forslagsstillaar T.Gunnarson, som om nødvendig legg fråsegn fram for styret før utsending.

**13. Framlegg til fråsegn frå årsmøtet i Hordaland Venstre**

Utkast frå Elin Seim og Jorunn Ytrefjord til fråsegn som tar avstand frå vidare samarbeid med Framstegspartiet blei omfattande drøfta. Møtedeltakarane blir bedne om å senda event. kommentarar til forslagstillarane, tidsnok til at styret/gruppa i møtet 30. jan. kan vedta forslaget til fråsegn. (Frist til fylkeslaget er 1. febr..)

**14. Flaumsenkingssaka:**

Lesarbrev, vedtatt i gruppe-/styremøtet 18. jan., underteikna av gruppeliar og lagsleiar, uttrykte at Venstre i kst.møtet 16.02. ville gå inn for utsetjing og innhenting av meir kunnskap, var utsendt før møtet, og blei omdelt i byrjinga av møtet. (Utkast til lesarbrev var også utsendt til gruppe- og styremedlemar før møtet 18.jan.. Ein medlem gav då tilbakemelding om at løysinga med kraftverk burde nyttast.) Ingen i årsmøtet gjekk mot standpunktet, men moglege samarbeidspartar blei drøfta. Kom.styregruppa m/varamedl. fører saka vidare.

**Valkampstrategi**

Valkamprådgjevar Frode Nergård Fjeldstad presenterte ein analyse av siste vala, orienterte om strategien for stortingsvalkampen, og viste interessante kjenneteikn for situasjonen i Voss.

Voss, 23.01.17

Frédéric Larsen, referent

Protokollen blir godkjend:

Dato/namn:

Anne-Jorunn Ryum Møen

Kolbjørn Blikås.

**Venstre i rikspolitikken (opent møte)**

Stortingsrepr. Terje Breivik orienterte om satsingsområda for Venstre; klimavennleg samfunn, kunnskap og like moglegheiter, eit Noreg på lag med framtida og distrikt. Svarte på ei mengd spørsmål!! Blomar overrekt – med takk for stort og godt arbeid og ønskje om lukke til framover!